



Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/4209-3

## **Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Prosjekt: Fjordane Virtuelle Campus**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert sett av 3 mill. kr. til utvikling av Fjordane Virtuelle Campus
2. Dette vert dekka med 1 mill. kr av KMD-midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 2015 – nyskapning. Resterande 2 mill. kr. vert dekka med utviklingsfond næring, restmidlar frå tidligare år.
3. Det er ein føresetnad at ei tildeling til søkjær kan gjerast i tråd med statsstøtteregelverket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka, og tildele midlar til søker dersom vilkåra i denne saka blir følgt opp.

### **Vedlegg:**

Søknad  
Forretningsplan

### **Andre relevante dokument i saka:**

Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane – [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no)

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Nordfjordeid Næringshage AS søker på vegne av eit bedriftsmiljø på Nordfjordeid, Sogn og Fjordane fylkeskommune om eit tilskot på 9,7 mill. kr. til å etablere Fjordane Virtuelle Campus (FVC). Dei har tidligare fått midlar til å gjennomføre eit forprosjekt og meiner nå at dei er klare til å etablere eit utviklingsselskap. Selskapet skal tilby løysingar på dei utfordringane bedriftene har knytt til rekruttering, kompetanseheving og utviklingskapasitet. Dei vil ved å etablere FVC tilby tilpassa utdanningsløp for studentar og tilsette i bedriftene. Dei vil også samarbeide om utviklingsprosjekt og rekrutteringsstrategiar. Dette skal gjere tilgangen på relevant arbeidskraft betre og gjere kvar einskilde bedrift betre rusta til å henge med i den stadig raskare teknologiske utfordringa.

### **2. Bakgrunn for saka**


Fjordane Virtuelle Campus er eit samarbeidsprosjekt initiert av ei gruppe bedrifter som driv innan elektro, automasjon, enøk og byggfag i Nordfjord. Dei søker fylkeskommunen om 9,7 mill. kr. til gjennomføring av hovudprosjektet. Bedriftene har gått saman om å danne dette prosjektet, fordi dei ser at dei har eit stort vekst- og utviklingspotensiale, men at rekruttering, kompetanseutvikling og utviklingskapasitet er hindringar for å realisere det potensialet. Desse utfordringane vil ein takle ved å etablere Fjordane Virtuelle Campus.

Bedriftene bak initiativet skriv at dei ser store behov innanfor dei problemområda dei har identifisert, men at ingen av dei klarar å løse dei aleine. Dei estimerer at bedriftene vil kunne vekse med til saman 100 årsverk dei neste åra, gitt at dei får tak i den kompetansen dei treng. Dei har difor gått saman for å sjå kva tiltak de kan gjere for å betre situasjonen. FVC skal fungere som eit bindeledd mellom bedriftene og utdanningsinstitusjonane. På denne måten skal bedriftene få auka kompetansen til dei tilsette og utdanningsinstitusjonane vil kunne tilby meir relevant utdanning til sine elevar. Ein vil og kunne forhindre at folk må flytte for å auke kompetansen sin, då ein av erfaring ser at folk har lett for å bli verande. Av utdanningsinstitusjonar ser ein føre seg at både vidaregåande, fagskulen og høgskulen vil vere aktuelle samarbeidspartnarar.

Miljøet på Nordfjordeid er sterkt og har ein interessant samansettning av ulike fag. Det er særleg innanfor energiøkonomisering og bygg at miljøet har fagkombinasjon som vil vere aktuell i tida framover. Bedriftene har og klart å opparbeidd seg leiande posisjonar innan sine fagområde, men det er utfordrande for små og mellomstore selskap i distrikta å klare å henge med i den stadig raskare utviklinga som skjer internasjonalt. For å klare det er ein avhengig av å ha god tilgang på riktig kompetanse i marknaden og samtidig ha muligkeit til å vidareutvikle den kompetansen bedrifa allereie har.

Pr. i dag utgjer dei 8 bedriftene som står bak prosjektet 260 tilsette. Bedriftene bak søknaden er: Normatic AS, Nordplan AS, Moderne Varme AS, Fjordvarme AS, Eid Elektro AS, Caverion, Segel AS og Henden Elektro AS. Målet er at ein skal gå frå 8 til 20 bedrifter innan tre år. Det er også eit mål at FVC skal vere ein attraktiv node for nasjonale og internasjonale utviklingsmiljø.

I forprosjektet har ein arbeidd med å forankre prosjektet hos bedriftene og avklart kva behov ein ser føre seg at prosjektet skal dekke. No vil ein gjennomføre eit hovudprosjekt kor hovedoppgåvane vert å etablere Fjordane Virtuelle Campus som eit selskap som tilbyr sine produkt til marknaden. Det er identifisert ni forretningsområde/tenester som beskriver selskapet sitt aktivitet, og det er identifisert fem målgrupper som er aktuelle for å nyttiggjere seg av desse tenestene. I figuren under har søker satt opp ei oversikt over dei ulike produkta og målgruppene:



Som modellen viser så er det bedrifter som er lokalisert på den fysiske campusen og andre verksemder i regionen som er hovedmålgruppa. Her ser ein føre seg å kunne tilby ei rekke tenester som mellom anna: forretningsutvikling, rekruttering, rigging av utviklingsprosjekt, studentcampus, kurs og desentralisert utdanning.

Målet er å få opprette ein fysisk og ein virtuell del. Den fysiske campusen er tenkt lokalisert sentralt i Nordfjordeid nær den vidaregåande skulen og sjukehuset. Den virtuelle delen går på å kople seg på kompetanse og utdanningsmiljø andre stadar, men også at studentar bedrifter og andre kan kople seg på den aktiviteten som skjer på Nordfjordeid.

Nedanfor vil vi kort kommentere dei ulike tenestene dei tenkjer å tilby:

- Forretningsutvikling: arbeide med å utvikle bedriftene, fasilitere innovasjonsarbeid
- Rekruttering: samordne rekrutteringsaktivitetar
- Rigging av utviklingsprosjekt: administrere og rigge utviklingsprosjekt i bedriftene
- Test og treningslab automasjon: bygge lab for testing og utvikling av nye løysingar
- Samlokalisering: samlokalisering av bedrifter og labutstyr
- Gründercampus: legge til rette for etablering av gründerbedrifter på campus
- Studentcampus: tett samarbeid med elevar og studentar for å løyse bedriftscase.
- Tilbod om kurs: organisere og utvikle kurstilbod til dei tilsette

Som ein kan sjå av finansieringsplanen under er investering i lab-utstyr ein stor del av kostnaden. Det er tenkt at både bedriftene, studentar og gründerar skal kunne nyte seg av desse fasilitetane.

#### Organisering

Søkar tenkjer å nyte det registrerte føretaket Nordfjordeid Næringshage AS som grunnlag for det nye selskapet. Ein vil skifte namn og justere eigarsamansetninga til å samsvare med den samansetninga som initiativgruppa har.

Vidare har ein plan om å tilsette ein dagleg leiari mot slutten av 2019, og ein teknisk utviklar i midten av 2020. Den daglege leiaren vil vere sentral i å drive aktiviteten som er tenkt lagt til FVC.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutval for næring og kultur løyvde i sak 49/18 kr. 580 000 kr. til eit forprosjekt som skulle avklare om føresetnadane for å gjennomføre hovudprosjektet var til stades. Dette er no gjennomført og vil bli sluttrapportert på til fylkeskommunen i løpet av våren 2019.

#### Sentrale problemstillingar

Tilskot gitt til aksjeselskap må vurderast opp mot statsstøtteregelverket. Prosjektet inneheld fleire ulike element, og kvart av desse elementa må vurderast opp mot statsstøtteregelverket. Det kan vere aktuelt med tilskot gitt som både bagatellmessig støtte og som støtte gitt under det generelle gruppeunntaket. Dei endelige vurderingane vil her avhenge av kva element som vert prioritert, men vi merker oss at investeringsstøtte gitt under artikkel 27(støtte til innovasjonsklynger) kan vere aktuelt.

#### Kostnads- og finansieringsplan

##### **Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Klassesett	1 000 000					1 000 000
Kontor, adm, teknisk utstyr	600 000		1 000 000			1 600 000
Labutstyr	200 000	2 100 000	4 500 000			6 800 000
Oppstart av utdanning innan automasjon og elkraft	800 000	1 000 000				1 800 000
Oppstartskostnadae	500 000	500 000	1 000 000			2 000 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>3 100 000</b>	<b>3 600 000</b>	<b>6 500 000</b>			<b>13 200 000</b>

Det vert oppgitt frå søker at fordelinga mellom åra kan avvike noko frå det som er tenkt.

## **Finansieringsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Privat finansiering	800 000	900 000	1 600 000			3 300 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	2 300 000	2 700 000	4 900 000			9 900 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 100 000</b>	<b>3 600 000</b>	<b>6 500 000</b>			<b>13 200 000</b>

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Forankring:

Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen) legg premissane for arbeidet innan næringsutvikling i Sogn og Fjordane. For fylkeskommunen legg planen føringar for dei økonomiske disponeringane. Fylkestinget rullerte regional plan for verdiskaping i juni 2018, og gjorde justeringar for perioden 2018 – 2021.

Nytt i denne rulleringa er at satsingsområda nyskaping og kunnskap vart slått saman, i den forbindelse vart lokale innovasjonsnettverk trekt fram som eitt av områda som ein bør løfte i tida fram mot fylkessamanslåinga. Innovasjonsnettverk skal binde bedrifter saman og føre med seg kunnskapsdeling og samhandling om innovasjonsprosjekt. Dette skal føre til nye innovative produkt og løysingar som igjen fører til auka konkurranseskraft i bedriftene.

Heilt konkret så står det i planen at: «Fylkespartnarskapen ønskjer i tillegg å medverke til innovasjonsaktivitet i lokale nettverk, til dømes med hjelp av næringshagane og inkubatorane». Vi meiner at Fjordane Virtuelle Campus på mange måtar samsvarar godt med det ein vil løfte fram i den rullerte verdiskapingsplanen, og er i så måte godt forankra i den regionale planen.

Knytt til satsinga på nyskaping/kunnskap er det i budsjett for 2019 satt av midlar til nye tiltak innan nyskaping. Om desse midlane står det «fylkeskommunen treng midlar til fellestiltak for utvikle innovasjonsnettverk og midlar til avtale for å utvikle lokale innovasjonsmiljø».

Innovasjonsnettverk er og tema i prosjektet P-IRIS som er eitt EU-prosjekt initiert og leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Motivasjonen bak prosjektet var at ein såg at Sogn og Fjordane hadde få innovative bedriftsnettverk. Ein såg og at slike innovative bedriftsmiljø ville vere positivt for å behalde og tiltrekke seg unge som var på utkikk etter ein spanande og utfordrande jobb i distrikta. Hypotesen er at ein ved å profesjonalisere desse nettverka vil auke den innovative aktiviteten og skape fleire attraktive arbeidsplassar. Fjordane Virtuelle Campus passar godt inn i dette rammeverket og er eit spanande case å studere i det vidare arbeidet med P-IRIS.

#### Vurdering av tiltak:

At bedrifter går saman på denne måten for å styrke si felles evne til å takle dei utfordringane ein står overfor meiner vi er viktig. Berre ved å samarbeide vil ein klare å henge med på den raske teknologiske utviklinga som føregår internasjonalt. Dette gjeld særleg det å samarbeide for å utvikle nye forretningsområde. Det er særleg interessant at prosjektet legg opp til å inkludere gründerar i miljøet. Dette meiner vi er kritisk for å kunne få realisert den nyskapande krafta i nettverket.

Samfunnet vil framtida ha behov for mange nye og innovative løysingar for å kunne løyse dei store utfordringane ein står overfor. Dette gjeld særleg innanfor område som klima, helse og landbruk. Vi meiner at eit slikt samarbeid som er presentert her vil kunne evne å bidra med slike løysingar innanfor sine fagområde, men og bruke sin kompetanse for å utvikle løysingar innanfor andre fagområde.

Prosjektet har kartlagt mange ulike måtar å angripe dette på. Det er noko uklårt i søknaden kva effektar ein ser føre seg at dei ulike tiltaka skal gi. Her bør ein prøve å vere enda meir konkret i kva dei ulike tiltaka skal bidra med.

#### Innspel frå andre:

SIVA er statens selskap for industrivekst og største eigar i Næringshagen på Nordfjord (38,5 %). Dei driv også næringshageprogrammet som selskapet er ein del av. Dei har uttalt at dei stiller seg positiv til at ein planlegg å legge meir ressursar og oppgåver til selskapet. Dei har tidligare kommentert at dei syns det er uheldig at Næringshagen i Eid ikkje har tilsette. Dei ser difor veldig positivt på at ein, som ein del av prosjektet, planlegg å tilsette minst ein person i prosjektet.

Både Fagskulen og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen meiner at prosjektet vil vere viktig. Ein del av prosjektet er å finansiere oppstart av samlingsbasert fagskuletilbod innan elkraft og automasjon. Her vert det søkt om anna finansiering, kva behov endeleg behov ein vil ha for finansiering til dette tilboden er difor noko usikkert.

#### Størrelse og form på tilskot

Som drøfta over meiner vi at prosjektet er godt forankra i det gjeldande planverket og satsinga til fylkeskommunen innafor områda nyskaping og kunnskap. Fylkesdirektøren rår difor til at ein støttar prosjektet med 3 mill. kr. Tilskotet vert tilrådd finansiert med 1 mill. kr. frå budsjett 2019 tenesteområde 2015 – nyskaping og 2 mill. kr. frå utviklingsfond næring. Når det kjem til storleiken på tilskotet ser ein at det i søknaden ligg store forventningar til det fylkeskommunale bidraget. Fylkesdirektøren ser ikkje at det er muligkeit til å innfri desse forventningane innanfor gjeldande budsjett. Ei slik løyving ligg og på nivå med andre liknande løyvingar som er løyst innanfor sektoren.

I finansieringsplanen vist under pkt. 2 er tilskot frå fylkeskommunen lagt inn som einaste eksterne finansieringskjelde. Ein vurderer det dit at det hadde vore fordelaktig å finne finansiering også andre stader. Kommunar, utdanningsinstitusjonar og private stiftingar bør og kunne sjå så stor nytte av prosjektet at dei vil bidra økonomisk.

Midlane som er tenkt nyttta er midlar regionale utviklingsmidlar som kjem frå kommunal og moderniseringsdepartementet. Desse midlane skal ikkje nyttast til drift eller investering i aksjekapital. Midlane skal nyttast til mjuk infrastruktur som legg til rette for fleire bedrifter. Det er vurdert at tiltaket er innanfor det føremålet som er skissert for midlane.

Vi tilrår å tildele mindre enn det som søker har søkt om, og dei må difor kome attende med oppdatert prosjekt, kostnads- og finansieringsplan kor ein gjer reie for kva prioriteringar ein vel å gjere. Det er viktig at ein i det vidare klarer å oppretthalde engasjementet og involveringa frå bedriftene. Fylkesdirektøren tilrår difor at det ikkje vert lagt for sterke føringar på kva element i søknaden ein bør prioritere, men ber om at ein får fullmakt til å drøfte vala med søker før endeleg tilskot vert gitt. Ein må samstundes vurdere kva løysing som vert mest formålstenleg med tanke på statsstøtteregelverket innanfor dei råmene som er fastsatt i dette vedtaket.

## **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at det blir sett av 3 mill. kr. til utvikling av Fjordane Virtuelle Campus. Vi meiner at dette er eit godt tiltak som svarar godt på dei utfordringane bedriftene står overfor. Prosjektet er og i tråd med satsinga fylkeskommunen har innanfor nyskaping og kunnskap samt at dei er forankra i INTERREG prosjektet P-IRIS som Sogn og Fjordane fylkeskommune leiar.

Avsette midlar er mindre enn det er søkt om og endeleg løyving avheng at søker leverer justert kostnads- og finansieringsplan i tråd med vårt vedtak og eventuell anna ekstern finansiering. Det er og ein føresetnad at støtta kan tildelast lovleg i forhold til statsstøtteregelverket. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gi endeleg løyving i tråd med dei føresetnadane som er gjevne over.